

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

17.06.2014

Kopi til: Ordføreren
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag 19.06.2014 kl. 16.00 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 08/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 04.03.2014
 - « 09/14 - Årsmelding 2013 – Skodje kommune
 - « 10/14 - Kommunerekneskapen 2013 – Skodje kommune
 - « 11/14 - Prosjektskisse – kvalitet/ saksutgriingar/oppfølging av politisk vedtak i Skodje kommune
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 04.03.2014, kl. 16.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine lokalar i Lerstadvegen

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte assisterande rådmann Bente Glomset Vikhagen i sak 02/14, 03/14 og 06/14. Økonomisjef Asle John Giske møtte i sak 02/14.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. OKTOBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. oktober 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

ORIENTERING OM KOMMUNEREKNESKAPEN

Økonomisjef Giske orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

2. Kontrollutvalet ber om månedleg økonomirapport.

SAK 03/14

SAK OM VOLD I SKULEN, B-SAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.02.2014

Det vart fremma forslag om å lukke møtet. Møtet vart lukka under drøftinga om lukking. Møtet vart opna under votering

Kontrollutvalet vedtok samrøystes med heimel i kommunelova § 31 nr. 2, Offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 at møtet blir lukka.

Vedtaket er ikkje vedlagt og det blir vist til Offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13.

Møtet vart opna.

SAK 04/14

UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT - ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 25.02.2014

Dagleg leiar i kommunerevisjonen Kjetil Bjørnsen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/14

STATUS FORVALTNINGSREVISJON

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 04.02.2014

Dagleg leiar i kommunerevisjonen Kjetil Bjørnsen orienterte.

Kommunerevisjonen tek sikte på å legge fram ei prosjektskisse til forvaltningsrevisjonsprosjektet om oppfølging av politiske vedtak i april. Rapporten om VAR skal snart sendast til høyring.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14
FORESPØRSEL FRÅ TV2

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 07/14
SAKSPAPIR FRÅ KOMMUNESTYRET TIL KONTROLLUTVALET
(Saka kom opp under eventuelt.)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få tildelt nettbrett.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 17.06.2014

**SAK 08/14
ÅRSMELDING 2013 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2013– Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Skodje kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 17.06.2014

**SAK 10/14
KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2013 - Skodje kommune
2. Skodje kommune - kommunerekneskapen 2013

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Skodje kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Ann-Kristin Melseth

Vår dato:
13.06.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Skodje kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – SKODJE KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune som viser kr 201 044 496,-, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på 0,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Skodje kommune per 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold

Konklusjon om budsjett


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 17.06.2014

**SAK 11/14
PROSJEKTSKISSE – KVALITET/ SAKSUTGREIINGAR/ OPPFØLGING AV
POLITISK VEDTAK I SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Prosjektskisse nemnt ovanfor

Det blir vist til plan for forvaltningsrevisjon og vedtekne prosjekt. Det vart avtala å legge fram ei projektskisse for denne forvaltningsrevisjonen i møtet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Prosjektskisse – kvalitet/ saksutgreiingar/oppfølging av politisk vedtak i Skodje kommune blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Forvaltningsrevisjon 2014

Kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politisk
vedtak i Skodje kommune



Forord

I plan for forvaltningsrevisjon for Skodje kommune for perioden 2012-2016 inngår ei undersøking av kvalitet i saksutgreiingar, og oppfølging av politisk vedtak. På bakgrunn av dette, og som første ledd i gjennomføringa av prosjektet, er det utarbeidd denne prosjektskildringa, som trekk opp problemstillingane og metodisk opplegg for undersøkinga.

Ålesund, mai 2014

Kjetil Bjørnsen
daglig leder

Jens A. Sæter
revisjonsrådgjevar

Innhald

1. Innleiing	1
2. Føremål og problemstillingar	1
3. Metode.....	1
4. Revisjonskriterier	2
5. Gjennomføring og tidsplan	3

1. Innleiing

Skodje kontrollutval handsaka plan for forvaltningsrevisjon i sak 04/13, den 24. januar 2013. Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak var:

«Tema i plan for forvaltningsrevisjon blir vedteken i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak.
2. Drift kommunale eigedomar».

Skodje kommunestyre handsama saka i sak 12/13 den 19. mars 2013, og vedtok fatta følgjande samrøystes vedtak:

«Tema i plan for forvaltningsrevisjon blir vedteken i følgjande prioriterte rekkjefølge:

1. Kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak.

Kontrollutvalet får fullmakt til å vedta nærare prosjektinnhald. Kontrollutvalet får tilsendt rapportar frå arbeidsgruppa for total driftsgjennomgang 2013».

Denne prosjektplanen er utforma på grunnlag av punkt 1 i oppdraget frå kontrollutvalet og kommunestyret.

2. Føremål og problemstillingar

Prosjektet skal ha følgjande problemstillingar:

1. Er saksutgreiingane til politiske utval av god kvalitet?
2. Er det etablert eit godt system som sikrar at politiske vedtak blir sett i gang og gjennomført?
3. Er det etablert ei god rutine for å rapportere tilbake om oppfølging?

Prosjektet er avgrensa til å gjelde vedtak og vedtaksunderlag for politiske organ. Vedtak fatta administrativt etter delegasjon ligg utanfor prosjektet.

3. Metode

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann.
- Dokumentgjennomgang av rutinar, reglement og liknande.
- Intervju med politisk og administrativ leiing.

- Gjennomgang av eit utval av saker i politiske organ.
- Sluttmøte med rådmann i samband med høyringsutkast.

Når det gjeld intervju med politisk leiing kan ei naturleg avgrensing vere ordførar, varaordførar, utvalsleiarar og gruppeleiarar, medan administrativ leiing vil avgrense seg til rådmann og etatsleiarar.

Gjennomgangen av saker vil vere retta inn mot saker i kommunestyret og formannskapet. Ei avgrensing kan vere tidperioden frå 2012 og framover.

4. Revisjonskriterier

I hendhald til forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar av 15. juni 2004, skal det etablerast revisjonskriterier i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier utgjer dei krav og forventningar revisor nyttar for å vurdere funn som undersøkinga har avdekt. Dvs. revisjonskriterier er dei krav revisor reviderer opp imot. Nedanfor følger en oversikt over revisjonskriteriene som er brukt i dette prosjektet:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). Lov 1992- 09-25 nr. 107, kap. 4, § 23, Pkt. 2;

"Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."

I følge kommunelova § 23 skal rådmannen sørge for at kommunen er gjenstand for såkalla "trygg kontroll". Dette vert vanlegvis oppfatta synonymt med det meir innarbeidde omgrepet internkontroll. Internkontrollen skal sikre at saker som vert lagt fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidd, og at vedtak vert sett i verk, samt at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, samt at kommunen er gjenstand for god kontroll. Lovformuleringa i kommunelova § 23 legg ansvaret for internkontrollen til rådmannen, medan kontrollutvalet etter kommunelova § 77 skal føre eit tilsyn med at internkontrollen er god. COSO-modellen er eit heilskapleg rammeverk som kan leggast til grunn ved etablering og utvikling av internkontroll. Tilsvarande kan ein nytte rammeverket til å evaluere internkontrollen. Modellen strukturerer og klargjer samanhengane mellom mål, interne risikoar og kontrollmessige og korrigerande tiltak som skal sikre måloppnåing. Det er rådmannen sin internkontroll som skal sikre at saker er forsvarleg utgreidd, og at vedtak vert sett i verk. Ein kjem difor ikkje utanom internkontroll i eit prosjekt som gjeld vedtaksoppfølging. Føremålet med prosjektet vil likevel ikkje vere å evaluere internkontrollen, men eventuelle manglar ved saksutgreiing og vedtaksoppfølging skal kunne adresserast i høve til manglar ved

rådmannen sin interne kontroll.

Relevante revisjonskriterium går også fram av instruks for rådmannen, reglement for sakshandsaming og reglement for kommunestyret i Skodje kommune.

5. Gjennomføring og tidsplan

Prosjektet vil bli gjennomført av Komrev3 IKS, i løpet av 2014. Eit utkast til prosjektrapport er planlagt å ligge føre første kvartal 2015.

KOMREV3 IKS **3**
KOMMUNEREVISJONEN

KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgjeving. Det vert rapportert til den einstilte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: komrev3@komrev3.no
Org.nr. 971562587